



Allstad As
Postboks 535 Sentrum
0105 Oslo

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/77623	26/5591	Monica Moberg - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		14.08.2026

Vedtak om dispensasjon og løyve - 131/1, Opsalneset 15 - Frådeling av ein parsell med bustad

Tiltak: Frådeling av ein parsell til bustadføremål
Byggestad: Gbnr: 131/1 Opsalneset 15
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Allstad As

Delegasjonssak nr.: 762/2026

Vedtak om dispensasjon

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 blir det gitt dispensasjon frå plankravet i KDPA for Bjørnafjorden aust og for § 1-8 i pbl for frådeling av ein parsell med bustad frå gbnr 131/1 slik det går fram av søknaden.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga

Vedtak om løyve

Bjørnafjorden kommune gir løyve til oppretting av ny grunneigedom frå gbnr. 131/1 i samsvar med søknad mottatt 02.06.2026 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.07.2026, jf. pbl. § 29-4.
2. Den nøyaktige storleiken på arealet blir fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.
3. Det må ved eventuelt sal av eigedomen opplysast om kulturminneverdien av prestebustaden.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1 bokstav m, § 20-2 og 20-4 bokstav d.

Følgande avtalar om rettar og plikter skal tinglysast samstundes som den nye matrikkeleininga blir oppretta:

1. Avtalar om å legge og vedlikehalde private vass- og avløpsleidningar og andre leidningar som blir råka av frådelinga.
2. Avtale om vegrett.

Bortfall av løyve

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9.



1. Saksopplysninger

1.1. Tiltak

Søknaden gjeld frådelling av ein parsell til bustadformål frå gbnr. 131/1. Omsøkt parsell er på om lag 3,6 daa og er bygd ut med ein einebustad med tilhøyrande garasje/uthus. Prestebustaden med grøntanlegg er eit kulturmiljø av regional interesse.

Det blir elles vist til søknad motteke 02.06.2026, med tilleggsinfo motteke 09.06.2026, 23.6.2026 og 7.7.2026.

1.2 Planstatus

Eigedom ligg i uregulert område innanfor det som i KDPA er sett av til sentrumsføremaal.

Parsellen ligg og om lag 15 meter frå strandsona og søknad krev dispensasjon frå pbl § 1-8. Frådelling av omsøkt parsell krev dispensasjon frå plankravet sett i føresegner til KDPA.

Omsøkt parsell ligg og innafor omsynssone H570. Føresegner til KDPA, Sone med angitte særlege omsyn, viser til følgjande:

«Bevaring kulturmiljø H570: Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi som kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap. I desse områda skal kulturminneverdiane vektleggjast tungt ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Føreslåtte tiltak bør fremje vern av kulturminne eller kulturmiljøet. Tiltak skal lokalisrast og utformast slik at dei underordnar seg eller byggjer opp om eksisterande kulturmiljø og kulturlandskap. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne, forstyrrar heilskapen i kulturmiljøet eller reduserer eksisterande kvalitet og opplevingsverdi.»

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.07.2026.

1.5. Vatn og avløp (VA)

Eigedom er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Eigedom skal knytast til offentleg kloakkanlegg og privat vassanlegg.

Tilknytingsløyve til offentleg kloakkanlegg og privat vassanlegg (sanitærtilkopling/rørleggarmelding) er godkjend i administrativt vedtak datert 14.07.2026, jf. arkivsak 26/6491.

Det ligg føre avtale om rett til vass- og avløpsleidningar over gbnr. 131/1 datert 23.06.2026. Rettane blir tinglyst saman med den nye parsellen.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedom er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat i samsvar med pbl. § 27-4. Tiltaket endrar ikkje dagens tilkomst, og førar ikkje med seg auka bruk.

Det ligg føre avtale om vegrett over gbnr. 131/1 datert 23.06.2026. Rettane blir tinglyst saman med den nye parsellen.



1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Søklar har sendt inn ei skredfagleg rapport for området frå 2013. Denne er sendt på uttale til kommunen sin kommunegeolog for vurdering og han konkluderer med følgjande:

«Kommunen har ikkje dokumentasjon på at tomta er trygg nok (treng i utgangspunktet ny rapport), men kommunegeologen meiner at det er trygt nok for kommunen å bruke faresonekartet som dokumentasjon saman med argumentasjon frå kommunegeologen om at det er lite sannsyn for at tomta som skal delast i frå 131/1 er utrygg på grunn av hogsten i fjellsida (pga. tomta si avstand til fjellsida og kartlagt 1000-årsgrense, og hogsten som er i nedre deler av fjellsida).»

Saka har og vore på uttale til NVE i høve skredfaren og dei har kome med tilbakemelding at dei ikkje har merknadar til kommunen i vurdering. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Uttale frå anna mynde

Søknad om frådelling og dispensasjon er sendt på uttale til NVE, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Det er mottatt uttale frå Vestland fylkeskommune, datert 15.6.2026:

«Eigendommen som søkast frådelt grensar mot gnr. 131, bnr. 44, som er eit statleg sikra friluftsområde. Ein del av tilkomstvegen til det statleg sikra friluftsområdet går over eigendommen som søkast frådelt. For å sikre framtidig tilkomst til friluftsområdet, både for allmenta og for drift av området ved Bergen og omland Friluftsråd, bør det tinglysast ein bruksrett til vegen. Bruksretten må omfatta ferdsel til fots og sykkel for allmenta og køyring med bil i driftssamanheng.

Prestebustaden med grøntanlegg er eit kulturmiljø av regional interesse som er lokalisert til eit område med stor tidsdjupne og høge kulturmiljøverdiar. Ved sal av egedomen er det viktig å opplyse om dette, og dei føringane som ligg i gjeldande kommunedelplan (KPA for Fusa kommune 2015-27).»

Det er mottatt uttale frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 3.7.2026:

«I oversendingsbrevet frå kommunen er det vist til at området ligg innanfor registrert aksemdområde for ras- og skredfare. Det er lagt ved ein geologisk rapport frå 2013, og det har vore dialog med kommunegeolog. Vi legg til grunn at kommunen i tilstrekkeleg grad avklarar risiko ved tiltaket.

Parsellen som er søkt frådelt er relativt stor. I og med at den ligg innanfor sentrumsføremaal, meiner vi det er viktig at kommunen ser til at frådelinga ikkje vil vanskeleggjere framtidig utvikling av Fusa som senter. Generelt er det uheldig med frådelling og oppsplitting av eigedomar før reguleringsplan ligg føre.

Eigedomen og parsellen grensar mot statleg sikra friluftsområde i nord, og tilkomstvegen til dette området inngår etter det vi kan sjå i den omsøkte frådelte parsellen. Vi vil rå til at tilkomstvegen ikkje vert del av den frådelte tomte for å betre sikre ålmenn tilgang til dette viktige friluftsområdet. Om tilkomstvegen vert privatisert eller tilkomst vert vanskeleggjort, vil dette vere sterkt uheldig.»



Det er mottatt uttale frå NVE, datert 9.7.2026

Dei viser til at dei ikkje har merknadar til søknaden.

Intern uttale

Det er motteke intern uttale frå kultureininga i kommunen, datert 2.7.2026:

«Saka dreier seg om at Allstad no ønsker å skilje ut eigedomen Fusa (nye) prestegard (i Bjørnafjorden kommune) som grensar til friluftsområde "Peraneset", for å selje eigedomen. Dette er vi positive til, men det er viktig at det blir opplyst om kulturminneverdien av prestebustaden i samband med eit eventuelt sal. Eg berre opplyser om at det er store mengder parkslirekne i området, spesielt langs vegen inn til friluftsområdet og langs elva som går langs eigedomen de vil skilje i frå.

Eit lite areal (ca 40 kvadrat) mot sjøen der tilkomstvegen til friluftsområde går, ligg innafor arealet som er ønskt delt ifrå. Det blir viktig å sikre arealet for allmenn ferdsel til friluftsområdet som er statleg sikra og matrikulert til Miljødir. Det er fleire måtar å gjere det på, men å få det implementert i friluftsområdet meiner kultur vil vera beste løysing.»

2. Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå dispensasjon frå plankravet i KDPA for Bjørnafjorden aust og for § 1-8 i pbl.

2.1. Grunngeving:

Søkjar har lagt fram følgjande søknad om dispensasjon:

«Eiendommen ligger innenfor uregulert område avsatt til sentrumsformål i kommunedelplan. Planbestemmelsene stiller krav om reguleringsplan før tiltak kan gjennomføres.

Det søkes dispensasjon fra plankravet fordi:

- Tiltaket gjelder ikke ny utbygging, men fradeling av eksisterende bebygd eiendom
- Eksisterende bebyggelse og bruk videreføres uten endring
- Tiltaket vil ikke vanskeliggjøre fremtidig regulering av området
- Tomten er av begrenset omfang og tiltaket er av mindre karakter
- En reguleringsplan vil være uforholdsmessig ressurskrevende sett opp mot tiltakets omfang.

Vurdering etter PBL § 19-2:

- Hensynet bak plankravet (helhetlig planlegging) blir ikke vesentlig tilsidesatt
 - Fordelene ved å kunne gjennomføre fradeling anses større enn ulempene
- 2. Dispensasjon fra PBL § 1-8 (100-metersbeltet langs sjø) Eiendommen ligger innenfor 100-metersbeltet.**

Det søkes dispensasjon fordi:

- Tiltaket medfører ingen nye inngrep i strandsonen
 - Eksisterende bebyggelse opprettholdes
 - Tiltaket påvirker ikke allmenn ferdsel eller tilgjengelighet
 - Tiltaket medfører ingen privatisering utover dagens situasjon
- Vurdering: Hensynet til natur, landskap og allmenn ferdsel anses ikke vesentlig tilsidesatt.*

3. Andre forhold – som ikke krever dispensasjon

Omsøkt tomt ligger innenfor hensynsone kulturmiljø (H570):



- Tiltaket innebærer ingen fysiske endringer av bebyggelse eller landskap
- Eksisterende struktur og kulturmiljø opprettholdes
- Fradeling i seg selv påvirker ikke kulturminneverdier

Fradelingen anses derfor å være i tråd med hensynet bak bestemmelsen.

Omsøkt tomt ligger innenfor område med mulig ras- og skredfare under marin grense NVE har svart på spørsmål om veileder 1/2019: Spørsmål og svar om kvikkleireveilederen - NVE, og gitt deres vurderinger i brev av 27.06.202: Notat. Her viser NVE til at veilederen ikke er tilpasset tiltak som kun omfatter grensejusteringer, arealoverføringer eller fradeling uten bruksendringer eller fysiske inngrep og at det for slike tiltak er nok at tiltakshaver dokumenterer at tiltaket ikke medfører bruksendring, terrenginngrep, nye byggverk eller økt personopphold.

Fusa prestebolig skal fradeles til uendret bruk, boligformål, og fradelingen omfatter ingen fysiske inngrep i terrenget. Fradelingen medfører ikke økt personopphold.

4. Samlet vurdering (PBL § 19-2)

Etter en samlet vurdering anses vilkårene for dispensasjon som oppfylt:

- Hensynene bak bestemmelsene det dispenseres fra blir ikke vesentlig tilsidesatt
- Fordelene ved tiltaket er klart større enn ulemper
- Tiltaket er begrenset, påvirker ikke omgivelsene negativt og viderefører eksisterende situasjon.»

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må være oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102.

2.3. Vurdering:

Byggeforbudet i strandsona

Omsynet bak byggeforbudet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre allmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftsinnteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

Spørsmålet er om dispensasjon for fradeling av ein tomt til ein eksisterande fritidsbustad, vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak byggeforbudet i strandsona, føremålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Generelt vi fradeling av ein tomt til bustadføre mål i strandsona, kunne vere privatiserande og til hinder for ferdsel og friluftsinnteresser.

Likevel vil frådelling i denne saka ikkje innebere nye byggetiltak, eller ytterlegere nedbygging i strandsona. Arealbruken av eigendomen, og graden av privatisering, vil vere den same som i dag.

Administrasjonen kan ikkje sjå at frådelling av omsøkt parsell vil sette omsyna bak byggeforbodet i strandsona vesentleg til side, jf. pbl. § 19-2.

Spørsmålet er vidare om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon. Ulempene ved å gje dispensasjon er at etablering av ein ny tomt kan forsterke privatiseringa av strandsona, og skape forventning om moglege framtidige tiltak. Oppdeling av areal langs strandsona kan føre til auka press på areala langs sjøen, og skape presedens for liknande frådellingssakar.

Fordelane er formalisering av eigedomstilhøva rundt ei lovleg etablert bustad. Tiltaket vil ikkje endre den faktiske arealbruken, og inneber i seg sjølve ikkje nye tiltak. Samla sett meiner administrasjonen at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2.

Då administrasjonen har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det ligg ikkje føre slike avgjerande grunnar, og administrasjonen nyttar difor «kan»-skjønnet til å godkjenne dispensasjon, med dei vilkåra som går fram av vedtaksteksten.

Plankravet i KDPA

Formålet bak plankravet er å sikre heilskapleg arealbruk i eit avgrensa område og gjennom vurdering og politisk vedtak legge til rette for gode løysingar for plassering av bygg og uteareal, teknisk infrastruktur, tilpassing til landskap og eksisterande omgjevnader. Vidare skal plankravet sikre samordning av interesser ved å opne for ein brei og grundig medverknadsprosess slik at råka parter får moglegheit til å vurdere konsekvensane av planlagde tiltak opp i mot deira interesser.

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak plankravet i KDPA, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Søklar har grunngjeve dispensasjonssøknaden med at frådellinga ikkje gjeld ny utbygging, men frådelling av eksisterande bygd eigedom. Eksisterande bygg og bruk vidareførast utan endring og vil ikkje vanskeleggjere framtidig regulering av området. Tomta er av avgrensa omfang.

Administrasjonen si vurdering i denne saka er bruken av tomta allereie er etablert og omsøkt parsell vil få hensiktsmessige eigedomsgrenser uavhengig av framtidig utvikling av området.

Prestebustaden med grøntanlegg er eit kulturmiljø av regional interesse som er lokalisert til eit område med stor tidsdjupne og høge kulturmiljøverdiar og det er difor hensiktsmessig å etablere ein større tomt rundt bygga slik at det ikkje blir bygd ut tett på bygga og kulturmiljøet. Framtidig utbygging av resterande område vil fortsett vere omfatta av plankravet.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak plankravet i KDPA, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.



Spørsmålet er så om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

Det er opplyst i søknaden at frådelinga ikkje medfører nye inngrep i området og at eksisterande bygg vert halde ved lag. Tiltaket påverkar ikkje ålmenn ferdsel eller tilgjenge og tiltaket medfører ingen privatisering utover dagens situasjon. Tomta grensar mot vest og nord mot eit statleg sikra friluftsområde. Søkjar har endra eigedomsgrenser slik at tilkomstvegen til friluftsområdet ikkje kjem i konflikt med tilkomsten til dette området.

Administrasjonen legg til grunn at frådelinga medfører ingen inngrep i terrenget og søkjar har endra eigedomsgrensa mot gangveg til friområdet slik at ny eigedom ikkje kjem i konflikt med gangvegen. Det er heller ikkje negative verknader for naboar eller allmenne interesser.

Føresegner til KDPA har fortsatt klare føringar på plankravet for framtidig frådeling og utbygging i sentrumsområde for å sikre framtidig utbygging i tråd med plan.

Administrasjonen finn få ulemper ved å gje dispensasjon er av den meining at utarbeiding av reguleringsplan i dette høve ville ikkje løyst omsyn som ikkje er avklart i denne frådelingssaka.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak plankravet og § 1-8 i pbl., formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønnet til å godkjenne dispensasjon, med dei vilkåra som går fram av vedtaksteksten.

3. Andre vurderingar

3.1. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormynd. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Det er registrert svartelista parkslirekne i området. Administrasjonen finn at det ikkje er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, då frådelinga ikkje inneber tiltak i området, men fastsetjing av nye eigedomsgrenser.

Kunnskapsgrunnlaget er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.

3.2. Vurdering kulturmiljø

Omsøkt parsell ligg og innafor omsynssone H570. Føresegner til KDPA, Sone med angitte særlege omsyn for bevaring kulturmiljø. Prestebustaden med grøntanlegg er eit kulturmiljø av regional interesse som er lokalisert til eit område med stor tidsdjupne og høge kulturmiljøverdiar.



I disse områda skal kulturminneverdiane vektleggjast tungt ved handsaming av søknad om tiltak i områda... Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne, forstyrrar heilskapen i kulturmiljøet eller reduserer eksisterande kvalitet og opplevingsverdi.

Både kultureininga i kommunen og Vestland fylkeskommune har uttalt seg i saka før behandling og vist til at ved sal av eigedomen er det viktig å opplyse om kulturminneverdiane. Ut over dette er det ikkje kome innvendingar mot utforming eller plassering av nye eigedomsgrenser og det er teke omsyn til kulturmiljøet. Administrasjonen legg til grunn at kulturminneverdiane er

3.3. Vurdering av pbl. § 26-1

Oppretting eller endring av grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf. pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følger vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det blir oppretta tomtar som ikkje er eigna til bygging på grunn av storleik, form eller plassering.

Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf. pbl § 19-2, og oppretting av eigedom som omsøkt er på denne bakgrunnen ikkje i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, og er eigna som bustadføremaal med den storleik, form og plassering som er skildra.

4. Andre opplysningar

4.1. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.2. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

4.3. Oppmåling

Saka blir oversendt Oppmålingsavdelinga. Saksbehandlingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen blir forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkelova § 35.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Monica Moberg
Ingeniør - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Vedlegg:
Kart - Fusa prestebolig

Kopi til:
Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve